Selskapet har samla kraftkontraktar som i leverte volum overstig dagens forbruk. Marknadsprisen for kraft er samstundes lågare enn gjennomsnittleg kontraktspris. Avsett venta tap på sal av denne overskotskrafta er rekna ut som produktet av punkt 1) og 2) under:

1) Prisdifferansen mellom noterte marknadspisar for kraft – justert for områdepris – og gjennomsnittleg kontraktspris.
2) Selskapets beste estimat for samla mengde overskotskraft. Ref. Note 19.

**Fjerningskostnad**

Avsetting for framtidig fjerningskostnad av katodeavfall er vurdert til noverdi av framtidige estimerte utbetalingar.

## 2. Godtgjering og løn

Det vart ikkje utbetalt godtgjering til styremedlemmar. Fakturerte lønnskostnader frå Hydro Aluminium for administrerande direktør inngår i andre driftskostnader og utgjer kr. 2.476.759. Det ligg ikkje føre nokon avtale om godtgjering ved opphøyr av arbeidsforhold for administrerande direktør eller styreleiar.
Det var for 2019 kostnadsført NOK 723.096 i revisjonshonorar, derav var NOK 82.800 kostnader i samband med rådgiving og anna ikkje-lovpålagt revisjon av årsregnskapet.

### 3. Bankinnskot
I posten betalingsmidlar inngår bankinnskot med NOK 1,8 mill. Av dette utgjer bundne betalings-midlar NOK 1,8 mill.

### 4. Kortsiktige fordringar (NOK 1000)

| | 31.12.2019 | 31.12.2018 |
|---|---|---|
| **Kundefordringar** | | |
| Pålydande | 205 446 | 391 676 |
| Avsetning til dekning av framtidige tap | 0 | 0 |
| **Bokført verdi i balansen** | **205 446** | **391 676** |
| | | |
| **Andre kortsiktige fordringar** | | |
| Lån/forskot til tilsette | 0 | 0 |
| Andre fordringer | 218 371 | 94 597 |
| Fordring i morselskapets bankpool | 97 780 | 0 |
| Konsernbidrag | 321 396 | 317 226 |
| **Bokført verdi i balansen** | **637 547** | **411 823** |

### 5. Investeringar
**Anleggsaksjar**

| Selskapets navn | Aksjekap. (1000) | Totalt tal på aksjar | Pålydande per aksje | Tal på aksjar | % eigar-andel | Bokført verdi (NOK 1000) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse selskap | | | | | | 55 |
| **Sum anleggsaksjar** | | | | | | **55** |

### 6. Langsiktige fordringar (NOK 1000)

| | 31.12.19 | 31.12.18 |
|---|---|---|
| Netto pensjonsmidlar | 2 954 | 5 799 |
| Andre langsiktige fordringar | 0 | 0 |
| **Bokført verdi i balansen** | **2 954** | **5 799** |

### 7. Varelager
Varelager vurderast til den lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. For lager av oksid blir anskaffings-kost berekna etter FIFO metoden, medan andre råvarer blir vurdert til vegde innkjøpsprisar. Varer under tilverking og ferdigvarer, er vurdert til lågaste verdi av tilverkingskost og verkeleg verdi. Per 31.12.2019 er det gjort ei generell nedskriving for ukurans på 28,4 mill. på varelageret, 1,4 mill. på metall-lageret av ferdigvarer og varer under tilverking, samt 4,8 mill. på råvarelageret.

### 8. Varige driftsmidlar og avskrivingar
Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for planmessige avskrivingar.
Planmessige avskrivingar er gjort på lineær basis over følgjande antall år:

- Maskiner, inventar o.l.: 3 - 20 år
- Bygningar: 20 - 40 år

## 9. Spesifikasjon av anleggsmidlar (NOK 1000)

| Investeringstype | Anskaff.kostnad per 01.01.19 | Tilgang 2019 | Avgang 2019 | Avskrivn. 2019 | Totale avskrivingar pr. 31.12.19 Ordinære | Totale avskrivingar pr. 31.12.19 Ekstra-ordinære | Bokført verdi 31.12.19 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| FOU-investeringar | 13 069 | 0 | 0 | 0 | 0 | 13 069 | 0 |
| Maskiner, inv. o.l. | 2 744 801 | 226 307 | 16 634 | 53 725 | 2 540 251 | 0 | 414 224 |
| Bygningar | 571 613 | 38 250 | 0 | 9 945 | 464 076 | 0 | 145 786 |
| Miljøinvesteringar | 227 523 | 0 | 0 | 0 | 0 | 227 523 | 0 |
| Anlegg under utførelse (inkl. akt byggelånsrenter.) | 322 993 | 885 790 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 208 783 |
| Grunnareal | 151 307 | 0 | 0 | 0 | 1 263 | 0 | 150 044 |
| **SUM** | **4 031 306** | **1 150 347** | **16 634** | **63 670** | **3 005 590** | **240 592** | **1 918 837** |

I samsvar med Rekneskapslova § 5-3 tredje ledd, har selskapet plikt til å undersøka om det ligg føre eit nedskrivingsbehov på anleggsmidlar dersom det er endringar i løpet av rekneskapsåret som kan indikera eit slikt verdifall.

Selskapets samla anleggsmidler er vurdert som ei kontantstraumsgenererande eining (KGE), og i fall det føreligg indikasjonar på nedskriving er behovet for nedskriving testa mot samla bokført verdi av anleggsmidlane. Vurderingane byggjer på en analyse av noverdien av venta framtidige kontantstraumar basert på drift av aktuell elektrolyseproduksjon. Utrekningane og vurderingane byggjer på ulike framtidige scenario, der sensitiviteten i føresetnadane er teke inn.

I midten av desember 2017 blei det fatta investeringsbeslutning i konsernledelsen i Hydro om oppstart av nedstengt produksjonskapasitet på Husnes. I september 2018 vart endeleg byggebeslutning fatta.

Beslutninga omfatta oppstart av 200 elektrolyseovnar i hall B, samt oppgradering og modernisering av eksisterande intrastruktur knytta til produksjonsauken. Beslutninga tidfestar oppstarten av elektrolyseovnane til 2020. Sjølve prosjektet hadde oppstart i Januar 2018, med høgt aktivitetsnivå (anleggsperiode) frå fyrste halvdel 2019 og fram til oppstart av dei fyrste elektrolyseovnane i løpet av andre halvdel 2020.

I 2019 vart det også godkjent og igangsatt eit prosjekt i støyperiet knytta til HyForge (ny produktlinje). Dette prosjektet vil sikre ei breidare og meir robust produktportefølje for selskapet og bidra til auka lønnsomhet gjennom høgare produktmargin på ferdigvarene. Produksjonsstart for den nye produktlinja er venta mot slutten av 2020.

Per 31.12.2019 er det ikkje avdekka nedskrivingsindikatorer knytta til den samla kontantstraumgenerarande eininga (KGE).



*Fredsbenken ved FN sitt hovedkvarter i New York. Installasjonen er laga av aluminium frå Hydro*

14

## 10. Investeringar og avgang (NOK 1000)

| | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | | 2019 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Anleggsaktiva** | **Inv** | **Avg** | **Inv** | **Avg** | **Inv** | **Avg** | **Inv** | **Avg** | **Inv** | **Avg** |
| Mask., inv. o.l. | 11 204 | 0 | 105 268 | 25 931 | 94 578 | 23 813 | 109 573 | 24 817 | 226 307 | 16 634 |
| Bygningar | 12 341 | 0 | 2 321 | 0 | 3 783 | 0 | 5 849 | 0 | 38 250 | 0 |
| Anlegg under utførelse | 0 | 909 | 13 992 | 0 | 19 082 | 0 | 278 703 | 0 | 876 886 | 0 |
| Aktiverte byggelånsrenter | | | | | | | 480 | | 8 904 | |
| Grunnareal | 0 | 149 | 0 | 0 | 0 | 2 054 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM** | **23 545** | **1 058** | **12 581** | **25 831** | **117 443** | **25 868** | **394 605** | **24 817** | **1 150 347** | **16 634** |

## 11. Pantsetting

Det er ikkje registrert pant i nokon av selskapet sine eigendelar.

## 12. Skatt

Utsett skatt og utsett skattefordel er rekna ut med utgangspunkt i de mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige balanseverdiar. Utrekningane er basert på en nominell skattesats på 22%.

**Skilnader der reversering påverkar skattepliktig inntekt:**
Positive og negative mellombels skilnader som på reverseringstidspunktet høvesvis aukar eller reduserer skattepliktig inntekt, vert utlikna når reversering vert føresett å skje innanfor same tidsintervall. Det er rekna ut utsett skatt på nettogrunnlaget.

**Skilnader der reversering ikkje påverkar skattepliktig inntekt eller fell utanfor intervall for mogeleg utlikning:**
Påverkar ikkje reverseringa skattepliktig inntekt, kan den mellombels skilnaden ikkje inngå i grunnlaget for utlikning. Utsett skatt på slike skilnader er rekna ut separat, og balanseført saman med annan utsett skatt under langsiktig gjeld.

| **Mellombelse skilnader (NOK 1000)** | **2019** | | **2018** | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Positive skilnader** | **Negative skilnader** | **Positive skilnader** | **Negative skilnader** | **Endring 2019** |
| Vinst- og tapskonto | 448 | | 560 | | 112 |
| Varereserve råvarer | | 4 800 | | | 4 800 |
| Varereserve eigenprod. varer | 13 219 | | 11 827 | | -1 392 |
| Varereserve innkjøpte varer | | 28 425 | | 27 817 | 608 |
| Anleggsmidlar som vert avskrivne | 354 853 | | 110 575 | | -244 278 |
| Leasingforpliktelse | | 208 | | | |
| Netto pensjonsmidlar | 2 954 | | 5 799 | | 2 845 |
| Nedskrivning metallager | | 1 432 | | 6 521 | -5 089 |
| Avsetting for tap på sal av kraft | | 11 000 | | 40 000 | -29 000 |
| Fjerningslikt (SPL) | | 24 068 | | 31 036 | -6 968 |
| Netto gevinst valutalån | 4 303 | | | | -4 303 |
| Avsetting jubileumsbonus | | 17 278 | | | 17 278 |
| Oppskriving tomt | 69 444 | | 69 444 | | 0 |
| Udekkede pensjonsforpliktelser | | 792 | | 1 706 | -914 |
| AGA udekkede pensjonsforpliktelser | | 84 | | 181 | -97 |
| **Sum** | **445 222** | **88 087** | **198 205** | **107 260** | **-266 398** |
| **Netto mellombelse skilnader** | | **357 134** | | **90 945** | **266 189** |
| **Utsett skatt(e)/fordel (-) 22%** | | **78 570** | | **20 008** | **58 562** |

**Årets grunnlag for betalbar skatt framkjem slik (NOK 1000):**

| | |
|---|---|
| Rekneskapsmessig resultat | -48 420 |
| + Ikkje frådragsføre kostnader | 310 |
| - Endring estimatavvik OCI | -7 096 |
| - Ikkje skattepliktig inntekt | 0 |
| + Endring midlertidige skilnader | -266 189 |
| = Skattepliktig resultat før bruk av fremførbart underskot og konsernbidrag" | -321 395 |
| - Motteke konsernbidrag | 321 396 |
| = Skattepliktig resultat | 1 |

**Årets skattekostnad framkjem slik (NOK 1000):**

| | |
|---|---|
| Skatt til betaling | 0 |
| + Endring utsett skatt | 58 562 |
| - Betalbar skatteefekt konsernbidrag | -70 707 |
| + Utsatt skatt ført via OCI | 1 561 |
| + Avrekning fjorårets skatt | 0 |
| = **Årets skattekostnad** | **-10 584** |

| **Avstemming av skattekostnad nominell skattesats (NOK 1000):** | | **%** |
|---|---|---|
| Skatt på resultat før skattekostnad til nominell skattesats | -10 652 | 22 |
| - Skatt på ikkje frådragsføre skilnader | -1 493 | 22 |
| + Utsatt skatt ført via OCI | 1 561 | 22 |
| = **Årets skattekostnad** | **-10 584** | |

## 13. Regulering av verdi tomt

Tomteverdien vart oppskriven i 1987 med NOK 50 mill. til NOK 55,6 mill. basert på takst. Oppskrivingsbeløpet vart nytta til fondsemisjon. Taksten på tomta vart sett til NOK 100 mill. I samband med innføring av utsett skatt i rekneskapen er tomteverdien regulert opp med NOK 19,4 mill. Denne oppreguleringsverdien svarar til verdien for utsett skatt på det totale oppskrivings-/oppreguleringsbeløp NOK 69,4 mill.

## 14. Aksjekapital

Verdien av selskapet sin opphavlege aksjekapital, NOK 200 mill., fordelt på 500 000 A-aksjar kvar pålydande NOK 200 og 500 000 B-aksjar kvar pålydande NOK 200 vart i ekstraordinær generalforsamling 28. oktober 2014 nedskriven til 0. Nedskrivingsverdien vart overført til Annan Eigenkapital. Samtidig vart det fatta vedtak om aksjekapitalauke. Det vart utstedt 498 715 A-aksjar og 498 710 B-aksjar kvar pålydande NOK 201. Selskapet aksjekapital er dermed NOK 200 482 425.

B-aksjar kan seljast fritt, medan A-aksjar berre kan eigast av norske statsborgarar/selskap.

1. november 2014 vart samtlige aksjar overdratt til Hydro Aluminium as.

Aksjonæroversikt:

Hydro Aluminium as 100,0 %

Sør-Norge Aluminium AS er inkonsolidert i konsernregnskapet til Hydro ASA. Årsrapporten og anna informasjon frå Norsk Hydro ASA kan lastas ned frå www.hydro.com, eller fåes ved å kontakte selskapet på adresse N-0240, Oslo

### 15. Driftsintekter

Alt metall blir seld til Hydro Aluminium. Metallet blir levert til pressverk i Europa.
Annan driftsinntekt består hovudsakleg av sal av straum, samt CO2 kompensasjon.

### 16. Lønskostnad (NOK 1000)

Gjennomsnittlig tal på årsverk i 2019 var 290.

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Løn | 198 451 | 188 553 |
| Arbeidsgjevaravgift | 25 186 | 22 003 |
| Netto pensjonskostnader | 20 601 | 17 149 |
| Andre ytingar | 2 923 | 754 |
| **Sum** | **247 161** | **228 459** |

**Pensjonar**

Selskapet har pensjonsavtalar i både Storebrand Livsforsikring AS og Nordea Liv Norge AS. Selskapet ha plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordningar som oppfyller krava i denne lova.

**Ytingspensjonsordning**

Ordninga omfattar 7 aktive medlemmer og 300 pensjonistar. Ordninga omfattar livsvarig alderspensjon frå fylte 67 år. Uføre-, etterletne- og barnepensjon er og dekka i ordninga.

**Netto pensjonskostnad – Ytingspensjon (NOK 1000):**

| | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Noverdi av pensjoner opptent i perioden | 557 | 617 |
| Kapitalkostnad av tidlegare opptente pensjoner | 5 921 | 5 977 |
| Venta avkastning på pensjonsmidlar | -6 095 | -5 990 |
| Administrasjonskostnader | 124 | 123 |
| Periodisert arbeidsgjevaravgift | 555 | 313 |
| **Netto pensjonskostnader inkl. AGA (10,6%)** | **1 062** | **1 040** |

**Utrekna pensjonsmidlar / -forpliktingar(-) – Ytingspensjon (NOK 1000):**

| | 31.12.2019 | 31.12.2018 |
|---|---|---|
| Estimert nåverdi av påløpte pensjonsforpliktelser | -233 951 | -245 677 |
| Estimerte pensjonsmidlar | 236 160 | 249 770 |
| **Netto pensjonsforpliktelse** | **2 209** | **4 093** |
| Periodisert arbeidsgjevaravgift | -47 | 0 |
| Ikkje resultatført estimatavvik | 0 | 0 |
| **Netto pensjonsmidlar** | **2 162** | **4 093** |

**Pensjonsmidlar/-forpliktingar er klassifisert som følgjer i balansen (NOK 1000):**

| | 31.12.2019 | 31.12.2018 |
|---|---|---|
| Anleggsmidlar, andre lån og fordringar | 2 954 | 5 799 |
| Langsiktig gjeld, pensjonsforpliktingar | 792 | 1 706 |

**Følgjande økonomiske og aktuarmessige føresetnader er lagt til grunn:**

| | 31.12.2019 | 31.12.2018 |
|---|---|---|
| Diskonteringsrente | 2,30 % | 2,50 % |
| Venta avkastning på pensjonsmidlar | 3,80 % | 4,00 % |
| Årlig venta lønsvekst | 2,00 % | 2,50 % |
| Pensjonsregulering | 0,50 % | 0,50 % |
| Venta G-regulering | 2,00 % | 2,50 % |
| Turnover | 2,00 % | 2,00 % |
| Dødelegheitstabell | K2013 | K2013 |
| Arbeidsgjevaravgift | 10,6 % | 10,6 % |

Utrekningane er gjort i samsvar med IAS 19. Estimatavvik er bokført direkte mot eigenkapitalen.

Selskapet sine juridiske forpliktingar er ikkje påverka av den rekneskapsmessige handsaminga av pensjonsforpliktingane.

**Innskotspensjonsavtale**
Med verknad f.o.m. 1.7.2011 blei det etablert ein innskotspensjonsavtale for alle tilsette under 57 år. Frå same dato blei eksisterande ytingspensjonsavtalar lukka for desse tilsette.
Alle tilsette over 57 år valde å halda fram i eksisterande ytingspensjonsavtale.

Innskotsordninga omfatta per 31.12.2019 390 medlemmer. Uføre- og barnepensjon er knytt til ordning. Kostnaden for selskapets innskotsordning inkl. arbeidsgjevaravgift (10,6 %) var NOK 14,7 mill. i 2019.

**Andre pensjonsordningar**
Selskapet har usikra pensjonsavtalar for 23 personar, av desse mottek 22 personer gåvepensjon. Selskapet er også tilslutta ordning om Avtalefesta Pensjon (AFP) frå 62 til 67 år. Selskapet betaler ein eigendel av utbetalt pensjon. Forplikting knytt til AFP er klassifisert som usikra.
AFP-tilskotslova blei vedteken 19.2.2010. Effekten av dei nye AFP-reglane blei resultatført i 2010.
Kostnaden for ny AFP-ordning inkl. arbeidsgjevaravgift (10,6 %) var kr 4,5 mill. i 2019.

| **Oppsummering pensjonskostnad** | **2019** | **2018** |
|---|---|---|
| Pensjonskostnad – ytingsordning | 1 062 | 1 040 |
| Pensjonskostnad – innskotsordning | 14 725 | 12 231 |
| Pensjonskostnad – driftspensjon (over 12 G) | 287 | 287 |
| Pensjonskostnad – ny AFP-ordning | 4 527 | 3 591 |
| **Total pensjonskostnad** | **20 601** | **17 149** |

## 17. Mellomverande med føretak i same konsern (NOK 1 000)

| | 31.12.2019 | 31.12.2018 |
|---|---|---|
| **Fordringar** | | |
| Kundefordringar | 205 211 | 381 071 |
| **Andre kortsiktige fordringar** | | |
| Forskotsbetalte kostnader | 0 | 0 |
| Fordring i morselskapets bankpool | 97 780 | 0 |
| Konsernbidrag | 321 396 | 317 226 |
| **Sum fordringar** | **624 387** | **698 297** |
| | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | |
| Leverandørgjeld | 35 957 | 59 534 |
| Anna kortsiktig gjeld | 0 | 31 172 |
| **Langsiktig gjeld** | | |
| Langsiktig lån fra Norsk Hydro ASA | 886 147 | 298 950 |
| **Sum gjeld** | **922 104** | **389 656** |

Det langsiktige lånet er tatt opp i EUR.

I 2019 har selskapet hatt følgande vesentlege transaksjonar med selskap i same konsern:

- Salsinntekter 2 272 005
- Varekjøp 870 843
- Andre driftskostnader 38 002
- Rentekostnader langsiktig lån 4 335

## 18. Endring eigenkapital (NOK 1 000)

| | Aksjekapital | Annan eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital per 31.12.2018** | **200 482** | **1 276 423** | **1 476 905** |
| Årets estimatavvik på pensjonsforplikting | | -5 535 | -5 535 |
| Konsernbidrag for 2019 | | 250 689 | 250 689 |
| Årsresultat for 2019 | | -37 836 | -37 836 |
| **Eigenkapital per 31.12.2019** | **200 482** | **1 483 741** | **1 684 223** |

## 19. Avsetting for tap på sal av kraft

Selskapet inngjekk nye langsiktige kraftavtalar i 2012. Det samla volumet av desse avtalane overstig frå 1.1.2015 kraftbehovet ved drift av ein elektrolysehall. Det er vurdert som sikkert at ein del av den kontraktsfesta kraftleveransen etter 31.12.2015 ikkje vil bli brukt til metallproduksjon. Dette volumet vil bli seld tilbake i marknaden. Det totale volumet som på denne måten vil bli seld tilbake er basert selskapets beste estimat etter ei vurdering av optimalisert disponering av anlegget og av kraftporteføljen i lys av dagens marknadstilhøve.
I midten av desember 2017 blei det fatta investeringsbeslutning i konsernledelsen i Hydro om oppstart av nedstengt produksjonskapasitet på Husnes. Investeringsbeslutninga omfattar oppstart av 200 elektrolyseovnar i hall B, samt oppgradering og modernisering av eksisterande infrastruktur knytta til produksjonsauken. Beslutninga tidfestar oppstarten av elektrolyseovnane til 2020.
Endeleg byggebeslutning vart fatta i september 2018.
Sjølve prosjektet starta i januar 2018, med høgt aktivitetsnivå (anleggsperiode) frå fyrste halvdel 2019 og fram til oppstart av dei fyrste elektrolyseovnane i 2. halvår 2020.

Basert på Nasdaq OMX sluttprisar 31.12.2019, justert for venta områdeprisdifferansar, er salet av denne energien venta å generera eit tap på NOK 11 mill (NOK 40 mill.) (noverdi diskontert med 2% p.a.). Av dette er NOK 11 mill. (NOK 40 mill.) klassifisert som kortsiktig gjeld og NOK 0 mill. (NOK 0 mill.) som langsiktig gjeld. Endring i avsetting, NOK 29 mill., er ført i resultatrekneskapen som ein reduksjon av varekostnad.

Dersom perioden med tilbakesal skulle bli kortare / lengre enn det som no er føresett vil tapet bli mindre / større. På grunn av prisprofilen på energikontraktane og sesongvariasjonar i kraftprisane vil resultateffekten av ei slik forkorting / forlenging av tilbakesalsperioden normalt variera mellom NOK 5 – 12 mill. per kvartal. Som ein konsekvens av dette, vil avsetninga for tap på kraftkontrakter bli påvirka av oppstartstidspunkt for Hall B.

## 20. Nettvirksomheten (NOK 1.000)

Opplysningene nedafor knytta til Sør-Norge Aluminium AS' konsesjon til å eige overføringsnett for elektrisk kraft er ihht forskrift til energilovas § 4-4

| | **2019** | **2018** |
|---|---|---|
| Overføringsinntekter | 35 918 | 17 312 |
| Sum driftskostnader | 35 954 | 16 187 |
| Driftsresultat | - 36 | 1 125 |
| | | |
| Grunnlag for kapitalavkastning | 12 554 | 13 839 |
| Avkastning | - 0,3 % | 8,1 % |
| | | |
| Inntektsramme eige nett | 7 187 | 4 001 |
| Meir-(+)/mindreinntekt (-) inkl. renter 1. januar | - 1 332 | - 1 224 |
| Meir-(+)/mindreinntekt (-) inkl. renter 31. desember | - 732 | - 1 132 |

## 21. Hendelser etter balansedagen

Som en konsekvens av den raskt forverrede markedssituasjonen forårsaket av COVID-19-pandemien, har selskapet besluttet å utsette den planlagte oppstarten av den oppgraderte B-hallen.

Selskapet erkjenner pandemiens påvirkning på den globale økonomien, forsyningskjedene og markedene. Følgelig har etterspørselen etter aluminium falt betydelig da kundene innen bilindustri, bygg og anlegg og flere andre viktige sektorer drastisk reduserer sitt aktivitetsnivå. På grunn av den betydelige usikkerheten og mangelen på forutsigbarhet er oppstarten utsatt til tidligst slutten av tredje kvartal 2020. Lønnsomheten for 2020 forventes å bli negativt påvirket av denne utsettelsen, men det er vanskelig å fullt ut kunne forutse virkningene på nåværende tidspunkt.

Oppgraderingsprosjektet skal ferdigstilles som planlagt. Selskapet har rekruttert mange nye medarbeidere for å håndtere en dobling av produksjonen, og det forventes ikke at den planlagte utsettelsen vil føre til midlertidige permitteringer i den aktuelle perioden.

Det er per i dag ikke forventet at dette vil påvirke selskapets langsiktige aktivitet eller lønnsomhet.

Selskapet følger nøye med på den pågående situasjonen og vil iverksette de tiltak som kreves for å minimere den negative innvirkningen på våre ansatte, drift og økonomiske resultater.



# 7 Melding frå revisor

KPMG

KPMG AS
Kanalveien 11
Postboks 4 Kristianborg
5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 11 66
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Sør-Norge Aluminium AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Sør-Norge Aluminium AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på TNOK 37 836. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oslo | Elverum | Mo i Rana | Stord |
| Alta | Finnsnes | Molde | Straume |
| Arendal | Hamar | Skien | Tromsø |
| Bergen | Haugesund | Sandefjord | Trondheim |
| Bodø | Knarvik | Sandnessjøen | Tynset |
| Drammen | Kristiansand | Stavanger | Ålesund |





ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.





## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 17. april 2020
KPMG AS

Knut Olav Karlsen
Statsautorisert revisor





# ÅrsRapport

Sør-Norge Aluminium AS
Onarheimsvegen 54, 5460 Husnes
Telefon: 53 47 50 00 – www.hydro.com

Hydro

2019